STUDIEBAROMETERET

Velkommen til Studiebarometeret!

Prosjektet sitt formål

Formålet er å fange opp studentane sitt syn på utdanningskvalitet og informere studentar, studiesøkarar, media og høgskular/universitet om dette. Resultata frå undersøkinga blir publisert på www.studiebarometeret.no som gjennomsnitt per studieprogram. I tillegg blir dataane brukt til forskingsformål.

Personvern

Prosjektet er meldt til Personvernombodet for forsking, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS. Institusjonen du går på har latt oss hente ut opplysningar om kva studieprogram du er registrert ved, di e-postadresse, telefonnummer, opptaksgrunnlag, eksamensresultat, kjønn, alder og statsborgarskap. All informasjon vil bli behandla konfidensielt, og det skal ikkje offentleggjerast data som gjer det mogleg å identifisere den som svarer.

Ved prosjektslutt våren 2018 vil direkte personidentifiserbare opplysningar slettast (telefonnummer og e-postadresse). Indirekte personidentifiserbare opplysningar som karakterdata, kjønn, alder og statsborgarskap vil for forskingsformål lagrast fram til 2025 av Norsk senter for forskningsdata AS.

NOKUT innhentar desse bakgrunnsopplysningane for alle studentar, òg dei som ikkje svarar. Dette for å kunne gjennomføre analyser av fråfall, noko som er særs viktig for å kunne tolke svara. Det er mogleg å reservere seg mot dette ved å sende e-post til res-studiebarometeret@nokut.no

Kven får data?

NOKUT samarbeidar med den enkelte høgskule og universitet. Desse vil få tilgang til dine svardata, men ikkje identifiserbare personopplysningar som f.eks. e-postadresse, kjønn og alder.

NOKUT samarbeidar òg om undersøkinga med Proba samfunnsanalyse og Norgesuniversitetet. Desse vil få tilgang til dine svardata, inkludert indirekte identifiserbare personopplysningar som alder og kjønn, men ikkje direkte identifiserbare personopplysningar som e-postadresser. Dette samarbeidet reduserar talet på spørreundersøkingar.

Datamaterialet (indirekte identifiserande opplysningar kobla til spørreskjemadata) blir lagra hos Norsk senter for forskningsdata AS ut 2025 og kan seinare bli utlevert til forskarar for forskingsformål ved norske institusjonar, etter avtale med Norsk senter for forskningsdata AS.

NOKUT er behandlingsansvarleg for dette prosjektet. Førespurnadar kan rettast til studiebarometeret@nokut.no
Undersøkinga blir utført av NOKUT på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Med helsing NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga)

1. UNDERVISING OG RETTLEIING

*Når du svarer på spørsmåla i denne undersøkinga, ønsker vi at du tek utgangspunkt i dine samla erfaringar **hittil** i studieprogrammet ditt.*

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje / Ikkje relevant
Fagleg tilsette si evne til å gjere undervisinga engasjerande	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Fagleg tilsette si evne til å gjere vanskeleg stoff forståeleg	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Korleis undervisinga dekker studieprogrammets lærestoff (pensum)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Kor mange tilbakemeldingar du har fått frå fagleg tilsette på arbeidet ditt	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet ditt	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Den faglege rettleiinga	❑	❑	❑	❑	❑	❑

2. FAGLEG OG SOSIALT MILJØ

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Det sosiale miljøet blant studentane på studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette på studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑

3. FYSISK LÆRINGSMILJØ OG INFRASTRUKTUR

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Lokale for undervising og anna studiearbeid	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Utstyr og hjelpemiddel i undervisinga	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Bibliotek og bibliotektenester	❑	❑	❑	❑	❑	❑

IKT-tenester (til dømes læringsplattformer, programvare og PC-tilgang)	❑	❑	❑	❑	❑	❑

NOKUT og Proba samfunnsanalyse ønsker meir kunnskap om barrierar i høgare utdanning for personar med lese- og skrivevanskar eller nedsett funksjonsevne. Vil du svare på fleire spørsmål omkring dette?

❑ Ja, eg ønsker å motta fleire spørsmål om temaet på e-post

❑ Nei

4. ORGANISERING AV STUDIEPROGRAMMET

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Tilgjengelegheita på informasjon om studieprogrammet du går på	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Kvaliteten på informasjonen om studieprogrammet du går på	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet (timeplan, studieplan, etc.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Den faglege samanhengen mellom emna i studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑

5. VURDERINGSFORMER

I kva grad meiner du at eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer hittil i studieprogrammet ditt:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Vet ikke
Har handla om sentrale delar av lærestoffet (pensum)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har kravd forståing og resonnement	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har gjort det mogleg å bruke det du har lært i studiane dine	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har hatt tydelege kriterium for vurdering	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har vore tilrettelagd for bruk av digitale hjelpemiddel (der det er aktuelt)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har bidrege til di faglege utvikling	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Under kan du skrive meir om dine erfaringar med eksamen, innleveringar og andre vurderingsformer.

6. MEDVERKNAD

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Studentane si moglegheit til å påverke innhald og opplegg i studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Korleis kritikk og synspunkt frå studentane blir følgt opp	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Det lokale studentdemokratiet (fagutval, tillitsvalde, studentparlament o.l.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑

7. STUDIEPROGRAMMET SI EVNE TIL Å INSPIRERE

I kva grad meiner du at studieprogrammet:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje
Er stimulerande	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Er fagleg utfordrande	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Bidrar til din motivasjon for studieinnsats	❑	❑	❑	❑	❑	❑

8. PRAKSIS

Har du hatt praksisperiode organisert av studieprogrammet ditt?

❑ Ja

❑ Nei

8. PRAKSIS

Kor tilfreds er du med:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Korleis høgskulen/universitetet førebudde deg på praksisopplæringa	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Kommunikasjonen mellom praksisstad og høgskule/universitet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Tilbakemeldingane undervegs i praksis	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei faglege utfordringane i praksisopplæringa	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Teoriopplæringa sin relevans for praksisutøving	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Korleis erfaring frå praksis blir brukt som grunnlag for diskusjon/refleksjon i undervisinga	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Praksisopplæringa generelt	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Under kan du skrive meir om erfaringane du har med praksis.

9. RELEVANS FOR ARBEIDSLIVET

I kva grad meiner du at studieprogrammet du går på:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje
Er relevant for aktuelle yrkesområde	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Gir gode jobbmoglegheiter	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Gir kompetanse som er viktig i arbeidslivet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Har eit godt samarbeid med arbeidslivet	❑	❑	❑	❑	❑	❑

10. EIGE LÆRINGSUTBYTTE

Kor tilfreds er du med eige læringsutbytte hittil i studiet, når det gjeld:

	Ikkje tilfreds (1)	(2)	(3)	(4)	Særs tilfreds (5)	Veit ikkje
Teoretisk kunnskap	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Kunnskap om vitskapleg arbeidsmetode og forsking	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Eiga erfaring med forskings- og utviklingsarbeid	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Yrkes- og fagspesifikke ferdigheiter	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Evne til refleksjon og kritisk tenking	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Samarbeidsevne	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Munnleg kommunikasjonsevne	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Skriftleg kommunikasjonsevne	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Evne til å tenke nytt	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Evne til å arbeide sjølvstendig	☐	☐	☐	☐	☐	☐

11. MÅL TIL KARAKTERAR

Kva mål har du til dine karakterar?

- ☐ Berre å stå
- ☐ Noko over ståkarakter
- ☐ På gjennomsnittet
- ☐ Noko over gjennomsnittet
- ☐ Godt over gjennomsnittet

Det er krevjande å nå mine karaktermål.

- ☐ I liten grad (1)
- ☐ (2)
- ☐ (3)
- ☐ (4)
- ☐ I stor grad (5)
- ☐ Veit ikkje

12. EIGE ENGASJEMENT

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

	Ikkje einig (1)	(2)	(3)	(4)	Heilt einig (5)	Veit ikkje
Eg er motivert for studieinnsats	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Eg nyttar meg av dei organiserte læringsaktivitetane som er tilbode	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Eg møter godt budd til undervisinga	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Eg opplever at min studieinnsats er høg	☐	☐	☐	☐	☐	☐

13. OVERORDNA TILFREDSHEIT

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

	Ikkje einig (1)	(2)	(3)	(4)	Heilt einig (5)	Veit ikkje
Eg går på det studieprogrammet eg helst vil gå på	☐	☐	☐	☐	☐	☐

Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på	❑	❑	❑	❑	❑	❑

14. FORVENTINGAR

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje
Eg opplever at dei fagleg tilsette stiller klare forventingar til meg som student	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette ventar at eg stiller førebudd til organiserte læringsaktivitetar	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette ventar at eg deltek aktivt i organiserte læringsaktivitetar	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette har høge faglege ambisjonar på vegner av meg som student	❑	❑	❑	❑	❑	❑

15. DIGITALISERING

Med digitale hjelpemiddel meiner vi digitale plattformer (Blackboard, Fronter, Canvas, It's learning, WebUntis, etc), programvarer (Office, SPSS, Matlab, Photoshop etc), sosiale medium (Facebook, etc), og nettbaserte verktøy og medium (YouTube, Google+, Kahoot, etc).

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje
Eg får tilbakemeldingar frå mine medstudentar på arbeid/oppgåver ved bruk av digitale hjelpemiddel	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette brukar digitale hjelpemiddel for å aktivt involvere studentane i undervisinga (quiz, meiningsmålingar, etc.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg deltek meir aktivt i undervisinga når dei fagleg tilsette brukar digitale hjelpemiddel	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Undervisingslokala er tilpassa bruk av digitale hjelpemiddel	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg får tilbakemeldingar frå dei fagleg tilsette på arbeid/oppgåver ved bruk av digitale plattformer	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei fagleg tilsette legg til rette for at eg skal bruke digitale hjelpemiddel utanom undervisinga	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Dei digitale hjelpemidla som blir brukt i studieprogrammet, er brukarvenlege	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Digitale hjelpemiddel blir brukt på ein formålstenleg måte på studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Under kan du skrive meir om dine erfaringar med digitalisering.

16. TIDSBRUK PÅ FAGLEGE AKTIVITETAR

Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt *hittil* på dette studiet (ikkje

medrekna feriar), brukar du på:

Læringsaktivitetar organisert av institusjonen (inkludert all undervising og rettleiing, samt praksis om det er relevant)

_____

Eigenstudiar (lese pensum, gjere oppgåver, delta i kollokvier og anna gruppearbeid, etc.)

_____

17. BETALT ARBEID

Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt *hittil* på dette studiet (ikkje medrekna feriar), brukar du på:

Betalt arbeid:

_____

18. INTERNASJONALISERING

Er du innreisande student i Noreg?
Med "innreisande" meiner vi at du har kome til Noreg for å ta delar av eller ein hel bachelor- eller mastergrad.

- ☐ Ja
- ☐ Nei

I kva land har du teke størstedelen av di/din tidlegare utdanning/skulegang?

_____

Kor lenge planlegg du å studere i Noreg?

- ☐ Mindre enn eitt semester
- ☐ Eitt semester
- ☐ Meir enn eitt semester, men ikkje ei heil grad
- ☐ Ei heil grad

Er/har du vore på ei form for studieopphald utanfor Noreg i løpet av di tid som student i høgare utdanning?
Om du har vore på fleire typar: kryss av for opphaldet med lengst varigheit.

- ☐ Nei
- ☐ Ja, på studentutveksling
- ☐ Ja, på feltarbeid, kurs, konferanse eller studietur
- ☐ Ja, på praksisopphald
- ☐ Ja, anna (spesifiser gjerne):_____

ERFARINGAR FRÅ STUDIEOPPHALDET

Når var (er) du på studieopphald i utlandet?

- ☐ Eg er på studieopphald i utlandet no
- ☐ Eg har vore på studieopphald i utlandet i studieprogrammet eg no går på
- ☐ Eg har vore på studieopphald i utlandet i eit tidlegare studieprogram

Hva var (er) lengda på ditt studieopphald?

- ☐ Mindre enn 2 veker
- ☐ 2-4 veker
- ☐ 1-3 månader
- ☐ Meir enn tre månader

I kva land var (er) du på studieopphald?

_____

Erfaringar frå utanlandsopphaldet

	Ikkje einig (1)	(2)	(3)	(4)	Heilt einig (5)	Veit ikkje
Utanlandsopphaldet gav meg stort fagleg utbytte	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Utanlandsopphaldet gav meg stort utbytte ut over det faglege (språk, kultur, etc.)	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Utanlandsopphaldet gav meg auka motivasjon for studiane mine	☐	☐	☐	☐	☐	☐

ERFARINGAR FRÅ STUDENTUTVEKSLINGA

Når var (er) du sist på utveksling?

- ☐ Eg er på utveksling no
- ☐ Eg har vore på utveksling i studieprogrammet eg no går på
- ☐ Eg har vore på utveksling i et anna studieprogram

Kva var (er) lengda på ditt siste utvekslingsopphald?

- ☐ Mindre enn ein månad
- ☐ 1-2 månader
- ☐ 3-6 månader
- ☐ Meir enn eitt semester

I kva land var (er) du på utveksling?

_____

Kva språk var (er) undervisinga på?

_____

Var utanlandsopphaldet organisert gjennom utvekslingsprogram/avtale?

- ☐ Ja
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje

Institusjonen min informerte godt om moglegheitene for utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det var rom i studieplanen for å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Institusjonen min oppmuntra meg til å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Samanlikna med din heimeinstitusjon, korleis vil du vurdere det faglege nivået på utvekslingsinstitusjonen?

- ❑ Mykje lågare
- ❑ Lågare
- ❑ Omtrent likt
- ❑ Høgare
- ❑ Mykje høgare
- ❑ Veit ikkje

Erfaringar frå utvekslingsopphaldet:

	Ikkje einig (1)	(2)	(3)	(4)	Heilt einig (5)	Veit ikkje
Det er god fagleg samanheng mellom utvekslingsopphaldet og emna i studieprogrammet heime	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Gjennom utvekslingsopphaldet kunne (kan) eg studere emne heimeinstitusjonen ikkje tilbyr	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Heimeinstitusjonen har god praktisk tilrettelegging av utvekslingsopphaldet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Vertsinstitusjonen har god praktisk tilrettelegging av utvekslingsopphaldet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg opplevde (opplever) god læring ut over det faglege (språk, kultur, etc.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg var (er) godt integrert i det faglege miljøet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg var (er) godt integrert i det sosiale miljøet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Utvekslingsopphaldet var (er) fagleg utfordrande	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Utvekslingsopphaldet gav (gir) meg auka motivasjon for studiane mine	❑	❑	❑	❑	❑	❑

MOGLEGHEIT FOR UTVEKSLING

I kva grad er du einig i følgande påstander om utveksling utanfor Noreg:

	I liten grad (1)	(2)	(3)	(4)	I stor grad (5)	Veit ikkje
Institusjonen min informerer godt om moglegheitene for utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det er rom i studieplanen for å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Tilbodet om utveksling er fagleg relevant for studieprogrammet	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det er god praktisk tilrettelegging for eit utvekslingsopphald (bustad, administrativ støtte, etc.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Livssituasjonen min gjer det vanskeleg å reise på utveksling (jobb, born, bustad, sjukdom, etc.)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Institusjonen min oppmuntrar meg til å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg er sjølv motivert til å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg har planar om å reise på utveksling	❑	❑	❑	❑	❑	❑

INTERNASJONALISERING I STUDIEPROGRAMMET DU GÅR PÅ NO

Omfang av internasjonalisering hittil i studieprogrammet ditt

	Ingen / ikkje brukt	1-25%	26-50%	51-75%	76-100%	Veit ikkje
Anslå andelen av undervisinga som går føre seg på engelsk (eller andre ikkje-skandinaviske språk)	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Anslå andelen av pensum som er på engelsk (eller andre ikkje-skandinaviske språk)	❑	❑	❑	❑	❑	❑

	Ingen / ikkje brukt	1-5%	6-10%	11-25%	26-50%	51-100%	Veit ikkje
Anslå andelen av undervisinga som blir gjort av utanlandske gjesteførelesarar på studieprogrammet ditt	❑	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Anslå andelen internasjonale studentar på studieprogrammet ditt	❑	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Aktivitetar med internasjonale studentar:

	Aldri / nesten aldri	Månadleg	Kvar veke	Dagleg / nesten dagleg	Veit ikkje / ikkje relevant
Kor ofte deltek du på faglege aktivitetar saman med internasjonale studentar?	❑	❑	❑	❑	❑
Kor ofte deltek du på sosiale aktivitetar saman med internasjonale studentar?	❑	❑	❑	❑	❑

Aktivitetar med andre studentar:

	Aldri / nesten aldri	Månadleg	Kvar veke	Dagleg / nesten dagleg
Kor ofte deltek du på faglege aktivitetar saman med andre internasjonale studentar?	❑	❑	❑	❑
Kor ofte deltek du på sosiale aktivitetar saman med andre internasjonale studentar?	❑	❑	❑	❑
Kor ofte deltek du på faglege aktivitetar saman med norske studentar?	❑	❑	❑	❑
Kor ofte deltek du på sosiale aktivitetar saman med norske studentar?	❑	❑	❑	❑

I kva grad er du einig i følgande påstander:

	Ikkje einig (1)	(2)	(3)	(4)	Heilt einig (5)	Veit ikkje / ikkje relevant
Eg føretrekker engelsk framfor norsk som undervisingsspråk	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg føretrekker pensum på engelsk framfor norsk	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Eg er godt nøgd med dei utanlandske gjesteførelesarane	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det er god fagleg integrering mellom norske og internasjonale studentar	❑	❑	❑	❑	❑	❑
Det er god sosial integrering mellom norske og internasjonale studentar	❑	❑	❑	❑	❑	❑

Under kan du skrive meir om dine erfaringar med internasjonalisering på studieprogrammet ditt.

19. INFORMASJON OM DEG.

Vi har fått informasjon frå din institusjon om blant anna studieprogrammet du går på og studieåret du er i. Vi ber deg fylle inn litt meir bakgrunnsinformasjon, som ikkje skal brukast til anna enn forsking

Kryss av for den høgaste utdanninga foreldra dine har fullført:

	Utdanning på grunnskulenivå (barne- og ungdomsskule)	Utdanning frå vidaregåande opplæring	Høgare utdanning, til og med 4 år (inkludert fagskule)	Høgare utdanning, 4,5 år eller meir	Veit ikkje	Ønsker ikkje å svare
Mor	☐	☐	☐	☐	☐	☐
Far	☐	☐	☐	☐	☐	☐

Er du:

- ☐ Mann
- ☐ Kvinne
- ☐ Ønsker ikkje å svare

20. KOMMENTARAR

Har du ønske eller idear til forbetring av studieprogrammet? Eventuelle kommentarar du skriv her vil bli sendt til din institusjon og kan bidra til utvikling av ditt studieprogram.

Her kan du gi tilbakemelding på korleis du tykkjer spørjeskjemaet fungerer.

21. SAMTYKKE TIL KOPLING AV OPPLYSNINGAR

For å redusere mengda spørsmål i skjemaet har vi fått bakgrunnsinformasjon om deg (kjønn, fødselsår, opptaksgrunnlag, studiepoengproduksjon og statsborgarskap) frå din utdanningsinstitusjon. For forskingsformål ønsker vi å kople denne informasjonen med svara du har gitt i dette spørjeskjemaet. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og vil ikkje bli publisert på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning - NSD.

Samtykke

Eg samtykker i at opplysingane i skjemaet kan koplast med mine bakgrunnsdata

- ☐ Ja
- ☐ Nei

22. FRAMTIDIG KONTAKT

NOKUT arbeidar kontinuerleg for å forbetre spørjeskjemaet. I tillegg ønsker vi å få større innsikt i kvifor studentane svarer slik dei gjer.

Om du er villig til å svare på nokre spørsmål til oppfølging av undersøkinga, fyll inn e-postadressa di under.

/>Du vil maksimalt bli kontakta av oss for to undersøkingar i løpet av 2018 og vi vil slette din e-postadresse i løpet av 2018. Dersom du samtykker til dette, ved å oppgi din e-postadressa under, inneber det at vi i denne perioden kan kople din e-postadresse med data frå spørjeskjemaet og med indirekte identifiserande opplysningar om deg. Dette er opplysningar om alder, kjønn, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap.

Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og vil ikke bli publisert på ein måte som kan identifisere enkeltpersonar. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning - NSD.

E-postadresse

_____

Takk for at du har svart på årets undersøking. Resultata blir publisert på www.studiebarometeret.no omtrent 1. februar.

Med helsing

NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga)